



## Vedlegg 2 - sjekkliste for eksamensarrangør Autorisasjon plantevern



Kontrollere i god tid før eksamen at du har fått tilsendt rett eksamen og rett tal, samt etikett med tosidig og leseleg tekst.

- Sørgje for at kandidatane sit med tilstrekkeleg avstand.
- Dele ut rett eksamen/oppgåve, inkludert rett etikett for plantevernmiddel.
- Setje i gang eksamen, halde oppsyn og avslutte i rett tid.
- Besvarte oppgaver og ekstra oppgavesett skal returnerast til Fylkesmannens landbruksavdeling. Gje melding om kva kommune eksamen blei arrangert i.

### Følgjande informasjon bør bli gitt til kandidatane før eksamen/oppgåve:

1. Personar med spesielle behov kan få tilbod om munnleg eksamen.  
Du velje mellom å få eksamen/oppgåve på nynorsk eller bokmål.
2. Eksamensavgift kr 180,- har kursarrangøren oftast inkludert i kursavgifta. Dersom du ikkje består, kan du ta kontakt med bustadskommunen for å ta ny eksamen/oppgåve. Ein må då betale ny eksamensavgift på kr 180,- Det er ikkje nødvendig å ta sjølve kurset på ny.
3. Ved bestått eksamen vil du få kursbevis frå Fylkesmannen. Dette er *ikkje* gyldig som bevis ved kjøp og bruk av plantevernmiddel.
4. Berre personar som har fylt 18 år og har *yrkesmessig behov* kan få autorisasjon, etter bestått eksamen.  
Dersom du er personleg registrert i landbruksregisteret med næringsmessig landbruksproduksjon, vil kommunen sørge for at du får tilsendt eit autorisasjonsbevis. Dersom du ikkje er registrert med slik drift, må du *sjølv* ta kontakt med bustadskommunen din for å informere om yrkesmessig behov.
5. Varigheit av eksamen/oppgåve og tillate hjelpemiddel:

#### **Eksamen – ved autorisasjon for første gang**

Eksamen er ein skriftleg prøve på 1 time.  
Ingen hjelpemiddel utanom kalkulator er tillate.

#### **Avsluttande oppgåve – ved fornya autorisasjon**

Den avsluttande oppgåva er ein skriftleg prøve på 1 time.  
Det er her tillate å bruke hjelpemiddel, som kursbøker, eigne notat og kalkulator.

Med helsing Øyvind Vatshelle og Linda Antonesen